

# MØTEPROTOKOLL

---

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Kommunehuset i Vik

Møtedato: 07.10.2020 Start kl 10.00 - slutt 15.30

---

**Til stades på møte:** Leiv Eikeland, Endre Nese, Kari Haga, Karen Helene Bøhn og Laila Kristin Sætre (vara for Laila Sunde og Rolf Arne Olsen meldt forfall).

**Vik kommune:** Roy Egil Stadheim (ikkje møtt)

**Frå adm:** Ingvar Vangsnes (kyrkjeverje)

Ord for dagen ved Karen Helen Bøhn.

**Sak 27/20 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Vedtak:** Ingen merknader. Samrøystes.

**Sak 28/20 Godkjenning av referat frå førre møte.**

**Vedtak:** Ingen merknader. Samrøystes.

**Sak 29/20 Driftsrekneskap pr dato.**

Gjennomgang av kyrkjeverje. Får ekstra lønsutgifter grunna Koronavask. Andre kostnader ligg innanfor budsjett.

**Vedtak:** Fellesrådet har ingen merknader til driftsrekneskapen og tek rekneskapen og revisors melding til orientering.

Samrøystes.

**Sak 30/20 Rapport / innstilling frå økonomigruppa vedr. økonomiske utfordringar.**

Fellesrådsleiar informerte frå møta i økonomigruppa (Leif Eikeland, Geir Sørebø, Roy Egil Stadheim, Laila Sunde, Kirsti Jelle Hopperstad og Ingvar Vangsnes – sekretær) og kommenterte kva anbefaling gruppa kom med til fellesrådet. Det vart og referert frå møte med Sogndal fellesråd.

Fellesrådet sluttar seg til anbefaling frå økonomigruppa **og gjorde følgjande vedtak:**

1. Vik kyrkjelege fellesråd vidareføre ikkje på noverande tidspunkt prosessen omkring samanslåing med Sogndal fellesråd. Felleskostnaden Vik fellesråd må betale blir for høg.
  2. Vik kyrkjelege fellesråd v/ kyrkjeverja sender svarbrev til Sogndal fellesråd, som også blir signert av fellesrådsleiar.
  3. Vik kyrkjelege fellesråd arbeidar vidare etter følgjande anbefaling frå økonomigruppa.
- 
- 1 Utvalet tilrår at fellesrådet arbeider aktivt med å auke inntektene, eksempelvis å gjennomgå ordning og innkreving av feste, finne andre inntektskjelder, etablere givarteneste og auke friviljug arbeid.**
  - 2 Utvalet tilrår at den lokale kyrkja sin organisasjonsstruktur vert fortløpende evaluert.**

Samrøystes.

**Sak 31/20 Budsjettforslag for 2021.**

Kyrkjeverja orienterte om forslag til driftsbudsjett for 2021. Utgangspunktet er gjeldande gudstenesteordning og stillingsstruktur. Det var også lista opp mange vedlikehaldsprosjekt som vart drøfta.

**Vedtak:** Kyrkjeverja får i oppdrag å prissetja nødvendige vedlikehaldsprosjekt inkl. rapport om kyrkjene. Må halde nytt møte før kommunen får budsjettforslag.

**Sak 32/20 Søknad om erstatning av forsvunne gravminne.**

**Vedtak:** Fellesrådet tilbyr å dekka kr 9000,- av omsøkte sum på kr 26.890,-

Samrøystes.

**Sak 33/20 Festeavgift og handheving av gjeldande lovverk.**

Kyrkjeverja orienterte om festeavgiftslova og korleis praksisen for å krevje inn avgifta har vore praktisert i Vik kommune. Kommunestyre heva festeavgifta i sommar til kr 300 pr år for feste av grav. Skal ein få ei totaloversikt over alle graver, som kan festast, må administrasjonen gå gjennom alle graver og sjekke at det er oppretta festar. Dette er ein omfattande jobb då mange graver er registrert utan festar. Dette må prioriterast.

**Fellesrådet gjorde følgjande vedtak:**

Vik kyrkjelege fellesråd endrar ikkje praksis angåande handheving av festeavgifta. Viktig at det blir informert godt om gjeldande ordning og oppfordre alle som vil feste graver til å betale. Kan informerast i bladet «Helsing frå kyrkja» og i skriv til alle som får tilsendt tilbod om feste av grav.

Samrøystes.

**Sak 34/20      Status vedlikehaldsprosjekt 2020.**

Fellesrådsleiar og kyrkjeverje orienterte om status for planlagde vedlikehaldsprosjekt 2020.

Får ekstrakostnader på Feios kyrkje grunna skade på spiret. Fristen er 01. november for å sende inn prosjektrekneskap til riksantikvaren.

Tårnet på Vik kyrkje vart også i år utsett noko koronasituasjonen må tilskrivast.

Arnafjord kyrkje har frist til 01.11.2021 med å installere brannalarm. Dette er ikkje vedteke av fellesrådet. Ventar på forslag til kva type alarm som er mest tenleg for kyrkja.

**Sak 35 / 20      Personalsaker.**

Ikkje offentleg.

**Sak 36/20      Orienteringssaker.**

Korona: Kyrkjeverja orienterte om ekstrakostnader i høve Korona vask.

Vernedeksel: Det er montert gitter rundt alle omnane i dei 5 kyrkjene.

**Sak 37/20      Utleige Vik kyrkje.**

Fellesrådet drøfta utleigepris for Vik kyrkje. Slik situasjonen er i dag, med begrensa antal sitjeplassar hevar ikkje fellesrådet utleigesatsen.

Møte slutt.

